



Mona og Kjell på fonna i helga. Foto: Vidar Lillevik

**Uskedalingane Mona Enes og Kjell Yri var i helga turleiarar for 28 sprekingar som gjekk over Folgefonna i eit strålende ver. Det er tredje gongen paret gjennomfører dette oppdraget, eit av dei mest populære tilboda som Kvinnherad Turlag fristar med. Dei 6 kilometrane over sjølve fonna er det breførlaget som har ansvaret for.**

**Deltakartalet kunne vore det doble, men det er ikkje fleire sengjeplassar i dei to hyttene på Fonnabu. Det var deltakarar både frå Kvinnherad, Haugesund, Bergen, Bømlo, Stord og Bærum i turen..**



Breførarlaget hadde ansvaret for passeringen av fonna. Foto: Kjell Yri

Turen er kalla den årlege fjellfesten på Fonnabu og feststemning var det i høgaste grad utover kvelden. Det hadde ikkje minst dei som hadde førebudd arrangementet allereie dagen før æra for, mellom anna med blomepryd i hytta,



Solnedgang ved Fonnabu laurdag. Foto: Mona Enes

Det vart servert rømmegrout og spekemat og det var allsong. Kjell Yri som kan meir om fonna enn dei fleste, ga deltakarane innsikt i natur og kultur og fortalde mange av dei historiane som handlar om breen. Mona og Kjell har ikkje opplevd maken til ver på fonna før. Både solnedgang og soloppgang var opplevingar i seg sjølve og det var mogeleg å sitte ute heile kvelden, Men det var minusgrader om natta.

Tekst,og nett: Ola Matti Mathisen.



Trygg ferd over Folgefonna. Foto: Mona Enes